

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • å beskriva språkleg variasjon og mangfald i Norge i dag • å reflektera over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar • å forklara korleis påverknad utanfrå endrar språket vårt • å forklara samanhengen mellom språk, kultur og identitet
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • reading, writing and speaking about the English-speaking World • using pronouns • writing creative texts
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Læra om Pytagoras-setninga og korleis bruke den til å rekna ut ukjente sider i ein rettvinkla trekant • Læra om formlike og kongruente figurar
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara viktige årsaker til den første verdskrigen • Reflektera kring om krigen kunne vore unngått • Vurdera kva konsekvensar den første verdskrigen har hatt heilt fram til no
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og arbeide med sentrale trekk ved kristendommen, slik det blir formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet • Bli kjent med og vurdera ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne • Kunna forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet • Reflektera kring etikken i samband med forteljingane om Jesus i evangelia
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara kva som er meint med omgrepa biologisk kjønn og kjønnsidentitet • Forklara kva seksuell identitet er, og kjenna til ulike seksuelle identitetar • Diskutera korleis kunnskap om kjønnsidentitet og seksuell identitet er viktig for den psykiske helsa vår • Gjera greie for kvifor grensesetjing er viktig og diskutera etiske dilemma som er knytte til grensesetjing • Gjera greie for korleis kjønnsorganane er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har • Forklara kva som skjer i dei ulike stadia av menstruasjonssyklusen
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Perfektum (form "Eg har ete") • Snakka om erfaringar og hva ein har gjort
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • repetisjon • læra om oppfinningar og oppfinningane deira • kunna presentera ein idé • finna nokre argument for og imot ei sak • kunna bruke presens perfektum

	<ul style="list-style-type: none"> • kunna bruka tysk både munnleg og skriftleg
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka engelsk munnleg og skriftleg i digital samhandling tilpassa formål, mottakar og situasjon • videreutvikla eigne munnlege og skriftlege tekstar på bakgrunn av tilbakemeldingar
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom leik, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Planleggja og gjennomføra bevegelsesaktivitetar som kan gjennomførast ved skadar eller sjukdom • Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Anerkjenne ulikskap mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar og inkludera alle, uavhengig av føresetnad
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å spela piano eller gitar.
Mat og Helse	<ul style="list-style-type: none"> • Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gjer grunnlag for god helse • Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat • Laga mat frå norsk kultur og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat <ul style="list-style-type: none"> ○ Halda god hygiene ○ Jobba med rekneskap og plakatdesign ○ Gjennomføra sal <p>Hugs forklede og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</p>
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på og gjennomføra Padel saman med andre • Anerkjenna skilnader mellom seg sjølv og andre i aktiviteten, inkludere alle, samarbeida og oppmuntra medelevar
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Visa trygg og sporlaus ferd, ta ansvar for seg sjølv og andre • Planleggja og gjennomføra turar om vinter, vurderera klede, utstyr, rute og leirplass • Nyttå og forklara teknikkar knytt til bål og førstehjelp (f.eks hypotermi)
Innsats for andre	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og reflektera over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap er og kva dette betyr i praksis
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Verdier

INFORMASJON TIL HEIMEN

Ny termin

No er me i gang med ny termin. Alle har fått halvårsvurdering med og utan karakter, med råd om kva eleven bør jobba med framover. Når det gjeld orden og åtfærd er dette ei anledning til å få ein ny start med blanke ark, så ta gjerne ein samtale om det heime.

Vinterball

Torsdag 25. januar vil elevrådet arrangera vinterball på skulen. Ballet varer frå kl. 19.00-23.00 og det kostar kr 150 og inkluderer pizza og brus.

Klassekontaktane får i ansvar å skaffa vakter frå kvar klasse og dei tilsette på Møllekjellaren vil også vera med oss den kvelden.

Innbetaling til ballet: 150 kr kan betalast til Bryne ungdomsskule sitt VIPPS nummer: # 546674

- Merk betalinga med Vinterball, namn på elev og kva klasse eleven går i. Eleven viser kopi/bilete av kvittering/betaling til kontaktlærer som kryssar av på klasseliste.

UTV

Måndag 22.januar må elevane leggja inn 3 ønske til utdanningsprogram som dei vil fordjupa seg i under utv-veka i veke 17. Elevane finn lenka på OneNote/09UTV/Kva skjer.

Du finn passorda i papirformat på din eller makkaren din sin pult + på Teams/BUS/9.tr./Utdanningsval.

Vurderingar

I veke 5 byrjar elevane med munnlege framføringar om norsk språk og identitet.

9A og 9D skal ha avsluttande skrivning om 1.verdskrig fredag i veke 5.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 4	
Norsk	<p>Nokre av dei vanlegaste haldningane til dialektar kan me finne i reklamefilmjar og i humoristiske innslag på radio, tv og podkastar. Sjå om du kan finne ut kva for dialektar som ofte blir brukte når reklamar eller humoristiske innslag på radio, tv og podkastar skal vise</p> <ul style="list-style-type: none"> • ein som er litt naiv • ein som er veldig smart • ein som er hyggjeleg og påliteleg • ein bonde • ein fiskar • ein industriarbeidar
Engelsk	Do task 1 and 2 on Digital Dive . Deliver a screenshot from the article you choose, and from the work you did on Setarra.
Matematikk	Rekna ut lengda av ukjent katet: Oppgåve 2.82, 2.83 og 2.85 side 135-136 i Matematikk 9 grunnboka. Legg inn bilete av arbeidet ditt på ON.
Samfunnsfag	<p>Les frå deloverskrifta <i>Teknologi</i> i artikkelen "Krigens gang" og "Noreg - den nøytrale allierte" på aunivers.</p> <p>SPØRSMÅL: Svar utfyllande på OneNote.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Korleis påverka krigen kvinnerolla? 2. Kvifor vart krigen kalla ein verdskrig? 3. Kva meiner teksten med "den nøytrale allierte"? 4. Korleis vart Noreg og folka her ramma av den første verdskrigen?
KRLE	<p>Les "Gjer alle folkeslag om til læresveinar" på aunivers.</p> <p>SKRIV ei oppsummering av det du las. Du vel sjølve kva for studieteknikk du vil bruke (notat, tankekart, kolonneskjema osv).</p>
Naturfag	<p>Sjå på spørsmåla under, og svar utfyllande på ON under veke 4 på heimearbeid.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Kva legg du i ordet kroppsideal? 2) Kva er med på å påverke korleis me ser på oss sjølv og vår eigen kropp? 3) På kva måte kan vener, familie eller sosiale medier påverke korleis me ser på kroppen vår? 4) Kva råd ville du gitt til eit yngre sysken på veg inn i puberteten om kropp og helse?
Spansk	Skriv 5 setningar om hva du har gjort i helga.
Tysk	ON-Hjemmearbeid-Woche 4 Viss testen din (veke 3) ikkje ble godkjent, nytt forsøk på torsdag (veke 4).
Eng fordj	Homework on ON, Let`s go to the USA, Week 4.
Kroppsøving	Basket og basis.
Musikk	Klassane har kome litt ulikt, men når ein er ferdig med filmmusikk på gargeband og iMovie, skal me spela gitar eller piano. For å få framgang må ein øve hard og mykje. Ein må gjenta og repetere 1000 gonger, så blir det bra til slutt. Følg med på One Note for info og vurderingskriterie.
Mat og Helse	<p>På kjøkkenet: Hugs innesko og strikk til håret.</p> <p>Me skal laga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grovt foccaciabrød (eige ark) • Club sandwich (eige ark) • Sjokolademousse (eige ark) <p>Teori:</p>

	Korn, mjøl og baking kapittel 10 i Matopedia.
Kantine	Teori.
Fys.ak.	Ha med sykkel, hjelm og innesko til timane. Oppmøte på InterPadel kl. 12.30 måndag.
Friluftsliv	Avspasering for overnatting.
Innsats for andre	Møt i 9c sitt klasserom.

HEIMEARBEID VEKE 5	
Norsk	Skriv ein kort tekst (ca. 150 ord) der du forklarar ein dansk tenåring kvifor me har to skriftspråk i Noreg, og kva som er fordelane og ulempene ved det. Skriv på OneNote.
Engelsk	Listen and read « A nation of Immigrants » and answer between 3 and 6 of the questions attached to the text. Deliver on OneNote.
Matematikk	Oppgåve 2.87 på side 139 og oppgåve 2.92 og 2.93 på side 144 i Matematikk 9 grunnboka. Legg inn bilete av arbeidet ditt på ON.
Samfunnsfag	Les " Kva var konsekvensane av krigen " på aunivers. Forklar omgrepa Versaillesstraktaten, Folkeforbundet, Kommunisme, Fascisme og den russiske revolusjon i kolonneskjemaet som ligg på OneNote.
KRLE	Les " Paulus sine brev " på aunivers. SKRIV ei oppsummering av det du las. Du vel sjølve kva for studieteknikk du vil bruke (notat, tankekart, kolonneskjema osv).
Naturfag	Kva legg du i ordet identitet? Skriv eitt avsnitt på ON der du gjer greie for kva identitet betyr for deg, og kva som er med på å påverke din identitet.
Spansk	Gloseprøve. Preterito perfecto. (Perfektum, formen "jeg har spist").
Tysk	ON-Hjemmearbeid-Woche 5.
Eng fordj	Homework on ON, Let`s go to the USA, Week 5.
Kroppsøving	Basket og basis.
Musikk	Klassane har kome litt ulikt, men når ein er ferdig med filmmusikk på gargeband og iMovie, skal me spela gitar eller piano. For å få framgang må ein øve hard og myke. Ein må gjenta og repetere 1000 gonger, så blir det bra til slutt. Følg med på One Note for info og vurderingskriterie.
Mat og Helse	På kjøkkenet: Hugs innesko og strikk til håret. Me skal laga: <ul style="list-style-type: none"> • Grovt foccaciabrød (eige ark) • Club sandwich (eige ark) • Sjokolademousse (eige ark) Teori: Korn, mjøl og baking kapittel 10 i Matopedia.
Kantine	Produksjon.
Fys.ak.	Ha med sykkel, hjelm og innesko til timane. Oppmøte på InterPadel kl. 12.30 måndag.
Friluftsliv	Møt ved Tjødna seinast 12.35. Ha med/ på ullklede til bading, sekk med varme skifteklede, sitjeunderlag, noko ved til bål. Tema: Is -og badevett reglar - livredningsteori. Dei tøffaste tek eit isbad før dei går heim.

**Innsats for
andre**

Møt i 9c sitt klasserom.

Bryne ungdomsskule 